



# Innst. 151 S

(2012–2013)

## Innstilling til Stortinget frå kommunal- og forvaltningskomiteen

Prop. 25 S (2012–2013), kap. 820, 821, 822, 3821 og 3822

### Innstilling frå kommunal- og forvaltningskomiteen om endringar i statsbudsjettet 2012 under Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

Til Stortinget

#### Samandrag

I proposisjonen legg Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (BLD) fram endringsforslag på statsbudsjettet for 2012.

#### Kap. 820 Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

##### *Post 1 Driftsutgifter*

Det blir i proposisjonen foreslått å flytte midlar til det pågåande arbeidet med IKT-utvikling i IMDi, jf. forslaga om flytting av midlar til denne posten under kap. 821 post 62 og kap. 821 post 71.

BLD foreslår i proposisjonen å flytte 3,66 mill. kroner til posten frå kap. 821 post 62 og 0,26 mill. kroner frå kap. 821 post 71. Totalt foreslår BLD å auke kap. 820 post 1 med 3,92 mill. kroner.

#### Kap. 821 Busetjing av flyktingar og tiltak for innvandrarak

##### *Post 60 Integreringstilskot, kan overførast*

Det er anslått at behovet i 2012 aukar med om lag 26 mill. kroner samanlikna med Prop. 111 S (2011–2012). Hovudårsaka til endringa er ein auke i talet på vaksne og barn som utløyser tilskot, noko som medfører ein auke i utgiftene på 56 mill. kroner. Talet på einslege vaksne som utløyser tilskot har gått ned og medfører ein reduksjon i utgiftene på 24 mill. kroner.

BLD foreslår i proposisjonen å auke løyvinga med 26,03 mill. kroner.

##### *Post 61 Særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktingar, overslagsløyving*

Behovet i 2012 blir anslått å gå ned med 19,3 mill. kroner samanlikna med Prop. 111 S (2011–2012). Hovudårsaka til endringa er ein reduksjon i talet på personar som utløyser tilskot.

BLD foreslår i proposisjonen å redusere løyvinga med 19,30 mill. kroner.

##### *Post 62 Kommunale innvandrartiltak*

Det er eit mindreforbruk til forsøket med gratis kjernetid på 3,66 mill. kroner i 2012.

BLD foreslår i proposisjonen å flytte midlane til Integrerings- og mangfaldsdirektoratet sitt arbeid med utvikling av nytt IKT-system, jf. omtale under kap. 820 post 1.

BLD foreslår i proposisjonen å flytte 3,66 mill. kroner frå kap. 821 post 62 til kap. 820 post 1.

##### *Post 71 Tilskot til innvandrarakorganisasjonar og anna frivillig verksemd*

Etter avslutta klagebehandling står det, under delordninga Tilskot til frivillige organisasjonar sitt haldningsskapande/førebyggjande arbeid mot tvangsekteskap og kjønnslemlesting, igjen 258 000 kroner. BLD foreslår i proposisjonen å flytte midlane til Integrerings- og mangfaldsdirektoratet sitt arbeid med utvikling av nytt IKT-system, jf. omtale under kap. 820 post 1.

BLD foreslår i proposisjonen å flytte 0,26 mill. kroner frå kap. 821 post 71 til kap. 820 post 1.

**Kap. 822 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak**

**Post 22 Norskprøver for vaksne innvandrarak**

Behovet er no venta å bli lågare enn føresett.

BLD føreslår i proposisjonen å redusere løyvinga med 2,24 mill. kroner.

**Post 60 Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak**

Behovet i 2012 blir anslått å auke med om lag 6,4 mill. kroner samanlikna med Prop. 111 S (2011–2012). Hovudårsaka til endringa er ein reduksjon i utgiftene til norskopplæring i mottak som følgje av ein nedgang i talet på asylsøkjarak. Ein auke i talet på personar som utløyser År 1-tilskot og ein korreksjon i anslaget til fylkesmennene for utbetaling av tilskot for 2012 utgjer ein mindre del av endringa.

BLD føreslår i proposisjonen å redusere løyvinga med 6,35 mill. kroner.

**Kap. 3821 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarak**

**Post 1 Integreringstilskot for overføringsflyktningar, ODA-godkjende utgifter**

Nokre utgifter knytte til busetjing av overføringsflyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

Det er anslått at behovet på posten aukar med om lag 12,8 mill. kroner frå Prop. 111 S (2011–2012). Auken kjem av at prognosen for talet på overføringsflyktningar som blir busette i 2012 er auka med 170 personar.

BLD føreslår i proposisjonen å auke løyvinga med 12,83 mill. kroner.

**Post 2 Særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktningar, ODA-godkjende utgifter**

Nokre utgifter knytte til mottak av asylsøkjarak og flyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

Det er anslått at behovet på posten aukar med om lag 16,0 mill. kroner frå Prop. 111 S (2011–2012). Auken kjem av kortare opphald i mottak før busetjing.

BLD føreslår i proposisjonen å auke løyvinga med 16,01 mill. kroner.

**Kap. 3822 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak**

**Post 1 Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter**

Nokre utgifter i mottak av asylsøkjarak og flyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

Det er anslått at behovet på posten blir redusert med om lag 6,6 mill. kroner frå Prop. 111 S (2011–2012). Reduksjonen kjem av ein nedgang i talet på asylsøkjarak.

BLD føreslår i proposisjonen å redusere løyvinga med 6,61 mill. kroner.

**Merknader frå komiteen**

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Lise Christoffersen, Håkon Haugli, Hilde Magnusson, Ingalill Olsen og Eirik Sivertsen, frå Framstegspartiet, Gjermund Hagesæter, Morten Ørsal Johansen og Åge Starheim, frå Høgre, Trond Helleland og Michael Tetzschner, frå Sosialistisk Venstreparti, leiaren Aksel Hagen, frå Senterpartiet, Heidi Greni, og frå Kristeleg Folkeparti, Geir Jørgen Bekkevold, handsamar i innstillinga dei budsjettkapitla som høyrer inn under rammeområde 6 Innvandring, regional utvikling og bolig.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet merker seg at regjeringen foreslår å redusere bevilgningen over kap. 822 post 22 Norskprøver for vaksne innvandrere. Disse medlemmer mener det er betenkelig at denne posten reduseres, og mener det er grunn til å se på om det er flere som innrulleres i introduksjonsprogrammet som ikke gjennomfører opplæring i norsk og samfunnskunnskap mv. Disse medlemmer viser til merknader disse medlemmer har fremmet i forbindelse med behandlingen av Prop. 1 S (2012–2013), jf. Innst 16 S (2012–2013), om betydningen av å oppgradere statusen for gjennomførte prøver, spesifikt for at deltakerne skal kunne lykkes i det norske arbeidsmarkedet. På denne bakgrunn fremmer disse medlemmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen iverksette en forvaltningsrevisjon av hvordan introduksjonsprogram gjennomføres.»

Disse medlemmer viser til disse medlemmers merknader i Innst. 16 S (2011–2012) vedrøren-

de ny tilskuddsordning for nasjonale ressursmiljøer på integreringsfeltet, som gjøres over kap. 821 post 71. Disse medlemmer merker seg at midler fra denne posten overflyttes til kap. 820 post 1, og at det etter avsluttet klagebehandling står 258 000 kroner ubenyttet på denne posten. Disse medlemmer viser til at regjeringen ved fremleggelsen av Prop. 1 S (2011–2012) og nyordningen, referert ovenfor, fratok de ulike nasjonale ressursmiljøene muligheten til å klage på vedtak om tilskudd og at rapporteringskravene som tidligere gjaldt for disse organisasjonene bortfalt. Disse medlemmer mener det i lys av regjeringens forslag til statsbudsjett 2013, der denne ordningen videreføres, ikke fremkommer hvordan regjeringen etterprøver hvordan skattebetalernes penger, som bevilges over kap. 821 post 71, forvaltes av de ulike ressursmiljøene og hvordan departementet kontrollerer pengebruken. På denne bakgrunn fremmer disse medlemmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen evaluere nyordningen med direktetildeling av midler til nasjonale ressursmiljøer på integreringsfeltet.»

### Forslag frå mindretal

#### Forslag frå Framstegspartiet:

##### Forslag 1

Stortinget ber regjeringen iverksette en forvaltningsrevisjon av hvordan introduksjonsprogram gjennomføres.

##### Forslag 2

Stortinget ber regjeringen evaluere nyordningen med direktetildeling av midler til nasjonale ressursmiljøer på integreringsfeltet.

### Tilråding frå komiteen

Komiteen har elles ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre slikt

vedtak:

I

I statsbudsjettet for 2012 blir det gjort følgende endringer:

Kap.	Post	Formål	Kroner
Utgifter			
820		Integrerings- og mangfaldsdirektoratet	
	1	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 189 707 000 til kr 193 626 000	3 919 000
821		Busetjing av flyktingar og tiltak for innvandrarar	
	60	Integreringstilskot, <i>kan overført</i> , blir auka med ..... frå kr 4 512 341 000 til kr 4 538 375 000	26 034 000
	61	Særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktingar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 360 900 000 til kr 341 599 000	19 301 000
	62	Kommunale innvandrartiltak, blir redusert med ..... frå kr 109 278 000 til kr 105 617 000	3 661 000
	71	Tilskot til innvandrarorganisasjonar og anna frivillig verksemd, blir redusert med ..... frå kr 49 462 000 til kr 49 204 000	258 000
822		Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar	
	22	Norskprøver for vaksne innvandrarar, blir redusert med ..... frå kr 14 325 000 til kr 12 087 000	2 238 000
	60	Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar, blir redusert med ..... frå kr 1 645 648 000 til kr 1 639 300 000	6 348 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
<b>Inntekter</b>			
3821		Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarak	
	1	Integreringstilskot for overføringsflyktningar, ODA-godkjende utgifter, blir auka med .....	12 829 000
		frå kr 90 099 000 til kr 102 928 000	
	2	Særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktningar, ODA-godkjende utgifter, blir auka med .....	16 010 000
		frå kr 13 332 000 til kr 29 342 000	
3822		Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak	
	1	Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter, blir redusert med .....	6 608 000
		frå kr 103 740 000 til kr 97 132 000	

Oslo, i kommunal- og forvaltningskomiteen, den 11. desember 2012

**Aksel Hagen**

leiar og ordførar